



Pensjonistforbundet

Bustad – tryggleiksarena nummer ein

Nynorsk utgåve

Pensjonistforbundet 2024



Bustad – tryggleiksarena nummer ein

Regjeringa sitt mål med «Bu trygt heime-reforma» er at eldre skal kunne bu trygt heime så lenge som råd. Vi har alle eit ansvar for alderdommen vår, men styresmaktene må hjelpe til med informasjon, finansiering, tiltak og løysingar.

«Bu trygt heime-reforma» vart lansert i juni 2023. Fleire av innspela frå Pensjonistforbundet er det tatt omsyn til. Reforma viser at utfordringane er samansette og må møtast med statlege og kommunale tiltak på ei rekkje område.

Skal reforma lukkast, må ho underbyggjast økonomisk. Husbanken må brukast både som kunnskapsaktør og låne- og tilskotsinstitusjon. Og dei frie inntektene til kommunane må aukast, slik at dei kan føre ein aktiv bustadpolitikk.





Viktige samanhengar

Bustaden er ein viktig og helsefremjande arena. Eldreomsorga og bustadpolitikken må sjåast i samanheng og spele på lag. Planarbeidet i kommunane må støtte målet om eit aldersvennleg samfunn, både i tomteprioriteringar, utbyggingsprosjekt og i planlegging av velferdstenester og omsorgstilbod.

Mange eksisterande bustader er ikkje tilrettelagde for at vi kan bli gamle i dei. Det er behov for både å tilpasse dei og å byggje fleire nye tilgjengelege bustader. Kommunane må ta eit større ansvar for at tilbodet på bustader møter bustadbehovet. Det er eit særleg stort behov for å byggje tilpassa bustader i distriktskommunar.

Jamne ut skilnader

Eldre har ulike føresetnader for å ta ansvar for eigen alderdom. Dei har ulik helse, økonomi, evne til å hente inn informasjon og tilgang på høvelege bustader. Difor er det behov for tilskotsordningar som medverkar til å jamne ut skilnader og gir likare tilgang på høvelege bustader.

Å leggje til rette for at fleire kan bu trygt i eigen heim, vil redusere behovet for helse- og omsorgstenester. Det er ei investering som er bra for den enkelte, og som medfører lågare kostnader for samfunnet. Men målet om at eldre skal bu heime så lenge som råd, må aldri gå ut over det tenestetilbodet dei har behov for.

Tiltak og verkemiddel

For at fleire skal kunne bu trygt heime, trengst det både meir informasjon og fleire økonomiske verkemiddel. «Bu trygt heime-reforma» skal konkretiserast i ein samordna og heilskapleg oppfølgingsplan for heile reformperioden 2024 – 2028. Denne planen må følgjast opp årleg i statsbudsjetta.

Pensjonistforbundet meiner dette er nødvendig for å få bygt og tilpassa fleire bustader:

- Husbanken må tilby gunstige lån og tilskot til kommunar og private bustadbyggjarar.
- Husbanken må tilby stimuleringstilskot til å byggje tilpassa bustader i distriktskommunar med låg tilgang på bustader.
- Kommunane sine frie inntekter må aukast.
- Husbanken må støtte kommunane med data og analyser og gi kommunane råd om kartlegging og planlegging av bustader for eldre.
- Kommunane må frigjere areal og setje krav til utbyggjarar om å byggje tilrettelagde bustader.
- Eldreråda må takast med i planprosessar om areal-, bustad- og tomteplanlegging.
- Husbanken må tilby gunstige tilskot og lån til privatpersonar for tilpassing av eigen bustad.
- Kommunane må tilby rådgiving om tilpassing av eigen bustad.

Pensjonistforbundet

Torggata 15
0180 Oslo



Postadresse

Postboks 6714, St. Olavs plass
0130 Oslo

Tlf: 22 34 87 70

E-post: pf@pensjonistforbundet.no

www.pensjonistforbundet.no

www.facebook.com/pensjonistforbundet

Tydeleg, sterk og synleg